

Høyringsfråsegn frå Vidar Sætre, Åsane/Bergen:

Eg har følgjande premissar og konklusjonar:

Premiss nr 1 (P1): Det er tilstrekkeleg å forstå og å vera forstått. Me bør difor vera rause i normeringspolitikken.

P2: Språkleg likestilling mellom ulike distrikt og landsdelar, og mellom ulike kulturar som brukar norsk språk, må vera ei overordna målsetjing.

I dag meiner eg det på langt nær er språkleg likestilling mellom landsdelane, også når det gjeld nynorsk. Både historisk og dagens nynorsk er for mykje knytta til tyske former (døme: "samstundes"), til austnorske former (døme: "r" i dei fleste endingar der den vert uttalt i austnorsk, men stum i vestnorsk), og til nordvestlandske former (e-a-endingar der ein for eksempel lenger sør på Vestlandet har a-e/o-å-endingar. Evt i-ending. Det same er også tilfelle når det gjeld bruk av o eller u. Døme: ei jente-jenta. ofte, åleine, der, dette. Og talorda tri, fire, åtte, hundre. I min dialekt frå Nordhordland har vanleg uttale vore "ofte", "åleine", "da sam(m)a", "dar", "fira", "åtta" og "hondra". Og mange plassar i landet seier ein "e", ikkje "ær" for 1.person presens av "å vera". Og forma "te" istadenfor "til" er vanleg på Vestlandet)

P3: Høysleprinsippet må gjelda framføre synsprinsippet. I dag er delar av skriftortografiens synsbasert meir enn høyslebasert (døme: "interesse", med avleiringane "interessant" og "interessert". Høyslebasert ortografi kan vera "interesse", "intresangt" og "intresert". )

P4: Norsk skriftortografi bør vera so alfabetkonsekvent som råd.

a) Særleg vokalane e, æ, u, o og å vert i dagens ortografi brukt inkonsekvent. Dette har historiske grunnar gjennom import av ord frå språk med til dels svært rotete og uklår ortografi. Me treng ikkje ha jantementalitet sjølv om me har 3 vokalar som meir brukte språk ikkje har. For våre 9 vokalar er forholdsvis eintydige. Me bør difor ha mot til å velja andre skrivemåtar for importerte ord enn slik dei vert skrivne i for eksempel engelsk.

b) Av konsonantane er særleg bokstaven "g" brukt i ord der den manglar i uttalen. Medan lydane som på ein enkel måte kan kommuniserast ved teiknkombinasjonane "sj", "kj", "j"; desse lydane vert i norsk skrift skrivne på fleire ulike måtar; som "g" (døme: giro), "sj" (døme: sju), "skj" (døme: kanskje), "sk" (døme: ski), "k" (døme: Kina), "kj" (døme: kjole), "gj" (døme: gjeld), "g" (døme: gevinst). Desse inkonsekvensane meiner eg me ikkje bør leva med på sikt.

P5: Evnen til å læra språk er veldig avhengig av læringsmiljøet. I norsk skule har det i lengre tid vore mange reformer som har krevd mykje av lærarane sine resursar. Og viss me klarar å fjerne vantrivnad, gjennom t.d. støy og bråk i læringsmiljøa, kan det gje stor læringsgevinst.

P6: Aktuelle normeringsspørsmål bør òg sjåast i lys av undertrykkjande element i språkhistorien som samnorskpolitikken og einsrettinga gjennom riksmedia.

P7: Definisjonen på språk må primært knytast til korleis ein brukar taleorgan. Grenser mellom ulike "språk" må difor sekundært knytast til politiske og administrative grenser.

P8: Skriftspråk bør ta omsyn til både det tydelege og det enkle. Desse to omsyna kan lett koma i konflikt med kvarandre. For å løysa dilemma av denne typen, bør språkrøktarane leita etter nye måtar å skriva orda på.

P9: Kjennskap til tradisjonelle skrivemåtar er viktig for å kunna lesa eldre litteratur. Men dette er ikkje tilstrekkeleg grunn for å avvisa nye skrivemåtar.

Av dette konkluderer eg følgjande:

K1: Språkstypesmaktene og utdanningssystemet bør leggja vekt på kreative og positive innfallsvinklar i sitt arbeid. Og forlaga bør våga å vera rause med tanke på korrekt rettskriving. Lokale skrivemåtar høver godt i næringslivet. For eksempel "ekstremsportveko". Eg stiller meg difor tvilande til argumentet om at stram normering er viktig av økonomiske grunnar. Premissar: særleg P1 og P2.

K2: For å løysa dilemmaet mellom omsynet til det nasjonale og det regionale og lokale, føresler eg følgjande ordning: ei forholdsvis stram nasjonal norm, men likavel vid nok til å romma dei viktigaste omsyna. Men me kan supplera den nasjonale norma med fylkesvise normer og kommunale normer. Slik kan me gje rom for långt fleire skrivemåtar lokalt. Og slik kan mange fleire oppleva ein nynorsk som ein kan identifisera seg med.

K3: Talorda er viktige fordi desse vert brukt munnleg mykje meir enn me gjerne anar. Difor må me for all dei ikkje fjerna "tri". Og opna for f.eks. "fira", "åtta" og "hondra".

K4: Min analyse slik eg har presentert den i 9 premissar, tilseier eigentleg ein revolusjon i normeringa. Dette let seg sjølv sagt ikkje innførast på kort sikt. Men normeringsdebatten bør ikkje ta slutt sjølv om me set strek i denne omgang. Eg føresler evalueringar med jamne mellomrom, t.d. kvart 10 år.